



Dok. ref.

20/829-24/K2-K12/8584

Dato:

04.05.2023

Møtereferat etter folkemøte

Møtetittel:	Fokemøte mogeleg utviding av nasjonalparker og endring av verneform
Møtedato:	02.05.2023
Møtetid:	1800
Møteleiar	Eline Orheim ved Statsforvaltaren
Møtestad:	Kulturhuset i Øvre Årdal
Deltakarar:	
Kopi til:	

Ordførar Hilmar Høl ønska velkommen. Årdal er stolt av å vera ein nasjonalparkkommune, men går ikkje inn i denne ver neprosessen utan spørsmål. Det er spørsmål knytt til kraft og industri som ein må ta omsyn til. Dette folkemøtet kan gje kommunestyret grunnlag for å sei «ja» eller «nei» til utvida vern og omgjort verneformål.

Eline Orheim ved Statsforvaltaren i Vestlad informerer om at kommunen har vorett to gonger i ver neprosessen: ein før oppstart og ein ved høyring av verneforslag dersom kommunen seier «ja» til oppstart. Det er ein viktig beslutning Årdal kommune skal ta. Årdal kommune har lang erfaring med bruk og vern av fjellområda. Formålet med møtet er å formidla kunnskap og å lytta til innspel og spørsmål frå innbyggjarane.

Halvor Røssum: Same gjennomgang som på grunneigarmøtet. Informerte om klimakrisa og naturkrisa står i det er ikkje mogeleg å løysa klimakrisa utan å løysa naturkrisa. Noreg skal ta vare på eit representativt utval av den naturen og artane me har, eksempelvis villrein. Oppdrag «Bevaring av verdifull natur» er delt i to: oppdrag «Nasjonalpark» og oppdrag «supplerande vern». Utan lokal aksept vil ikkje Statsforvaltaren starte ver neprosessen. I utgreiingsområdet er det ønska eit omgjering av verneforma frå naturvernområde til nasjonalpark i dei vestlege sidedalane til Utladalen samt falketind og stølsnostind. (her sa Halvor eitt område til som eg ikkje fekk med meg i referatet). Det er kalkrike områder som kan gje rik flora.

Villreinen er ein norsk nasjonal ansvarsart som me har eit spesielt ansvar for å ivareta. Det foregår i dag ein prosess for å revidera kvalitetsnormen for villreinen. Det er villreinsenteret i Nord eller Sør som utfører dette arbeidet. Dette er ei stor kartlegging og det er forventa ein ferdig rapport til hausten. Rigmor Solem, som sit i denne arbeidsgruppa, informerer om at det ikkje kun vert sett på dagens bruk, men villreinens bruk av områda dei siste 50 åra. Statsforvaltaren i Vestland vil gjerne ha innspel og tilbakemeldingar på andre brukarinteresser enn det som er lista opp i presentasjonane. Eit vern sikrar ein inngrepstilfri natur, og ein eventuell erstatning må søkast om etter NML § 50.



den daglege forvaltninga av verneområdet vil bli gjort av verneområdestyret, som er samansett av lokale politikarar som verneområdet omfattar.

Anne Marie: same gjennomgang som ved grunneigarmøtet. Oppdragene hennar var å sjå på kva forskjellane var mellom dei to verneformene.

Eline presiserer at det kan bli sagt ja eller nei til heile eller deler av oppdraget. Det er mogeleg å

Jorunn Teigen Hellem
Kommuneplanleggjar